

Direktoratet for naturforvaltning

Vår ref:
2011/4413053/2012/

Dykkar ref:

Saksbehandlar
KASV / 61217328
kari.sveen@lom.kommune.noDato
30.04.2012**Verdiskapingsprogram for naturarven - Lom nasjonalparklandsby - rapport 2011**

Viser til tilsegn om midlar gjennom verdiskapingsprogrammet og oppsett tiltaksplan.
Viser vidare til e-post frå Anne Øvrejorde 24.04.12 om levering av økonomirapport.
Vi har hatt ein del utskifting av personell, og inntil ny næringsmedarbeidar kjem på plass i slutten av mai, vil underteikna ha ansvar for prosjektet.

Tiltaksplanen for Lom 2011 går fram av vedlagt tabell.

Regnskapsoversikt med underskrift frå økonomiansvarlig og prosjektansvarleg er vedlagt.
Det vart løyvd i alt 520.000 kroner, og sidan desse vart utdelt via Hol kommune v/ Anne Øvrejorde er det vist som "overføring frå andre kommunar". Meir korrekt hadde truleg vore å ført det som statstilskott. Unytta midlar reservert til uferdige deltiltak er avsett på bunde driftsfond, og vil bli nytta i samband med fullføringa i vår.

Eventuelle spørsmål til rekneskap eller tiltak kan rettast til underteikna.

Med helsing

Kari Sveen
Kommunalsjef

Kopi til:

Noregs nasjonalparklandsbyar V/ Anne Øvrejordnet Hol kommune 3580 GEILO
Bente Rønning, DNPostadresse
Sognefjellsvegen 6
2686 Lom
E-post: post@lom.kommune.noBesøksadresse
Midtgard
www.lom.kommune.noTelefon
61217300Bank
2085.07.00010
Org.nr
959377677



Nasjonalparklandsby - verdiskapingsprogr

1 LOM KOMMUNE (2011) - År/Periode 2011 1 - 13	30.04.2012
	Regnskap 2011
Prosjekt: 43036 VSP-TILTAK-2011	
1050 ANNA LØN	3.150
1099 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	202
1117 KOMMUNAL SERVERING	275
1129 ANDRE DRIFTSUTGIFTER	45.438
1142 TRYKKING/KOPIERING	39.000
1144 PROFILERINGSMATERIAL	12.339
1151 KONFERANSER	2.158
1153 REF.REISE/OVERN. V.DOK.UTG	2.581
1160 SKYSS- OG KOSTGODTGJ.-AVG.FRI	947
1199 ANDRE AVGIFTER, GEBYRER, LISENSAR	2.909
1201 MATERIELLUTSTYR	10.482
1370 KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE	83.850
1429 MVA-AVG.PL.ANSKAFFELSER-DRIFT	44.384
1470 OVERFØRING TIL PRIVATE	125.000
1550 AVSETJING TIL BUNDNE FOND	191.692
Sum utgifter	564.384
1729 KOMP. MVA ANSKAFFELSER DRIFT	-44.384
1850 OVERFØRING FRÅ ANDRE KOMMUNAR	-520.000
Sum inntekter	-564.384
Sum prosjekt: 43036 VSP-TILTAK-2011	0
TOTALT	0

Rekneskap over viser forbruk på prosjektet i 2011

Eit par deltiltak frå tiltaksplanen vart ikkje ferdige, og desse blir slutført i år. Gjeld m.a. tilrettelegging av leike-/aktivitetsområde, som vart forseinka pga avtale om disponering av areal. Dette er nå i orden, slik at tilrettelegging skjer i vår. Løyvde midlar er avsett på bunde driftsfond for bruk i 2012.

Attestert

Lom, 30.04.2012

Torgeir Holø
Økonomisjef

Kari Sveen
Kommunalsjef – Miljø/Teknisk/Næring

Tiltaksplan Lom nasjonalparklandsby 2010

Tiltaksnummer	Tiltak	Tiltaksbeskriving	Kommentarar
Tiltak 1:	Bergomsgarden	Opprusting av ”storstova” i Lom sentrum, området mellom Vassvaglen og Midtgard (kommunehuset). Området skal forskjønnast og gjerast meir brukarvenleg til glede for både fastbuande og turistar.	Tiltaket vart prosjektert med midlar frå Liv i Lom budsjettet 2010, denne prosjekteringa skal være ferdig 1. april.
Tiltak 2:	Landsbysyklar	Innkjøp av sykklar til bruk i og rundt nasjonalparklandsbyen, sykklane skal profilerast med nasjonalparklandsby merket, og leigast ut via turistinformasjonen.	Regionkontoret driv no å organiserer ei regional satsing på sykling i vårt området.
Tiltak 3:	Studietur landsbyrådet	2009 vart det arrangert studietur for næringslivet, 2010 var ungdomsrådet på studietur i 2011 er det landsbyrådet som står for tur.	Mogleg å ha felles studietur med nasjonalparklandsby nettverket
Tiltak 4.	Informasjonstiltak Lom nasjonalparklandsby	Tiltak som er planlagt i 2011 er: turstigbrosjyre reviderast og forbetrast, settast opp fleir informasjonstavler med turstigkart og Bergomsrunde informasjon.	
Tiltak 5:	Tilrettelegging for ”Zip-line” i nasjonalparklandsbyen	Tilrettelegging av stige frå parkeringsplassen ved Fjellmuseet ned til start plattform for Zipline, samt opparbeiding av start plattform. Dette for å gjere det enklare for aktivitetsverksemdene å drive ein aktivitet som kan skape liv o g røre i nasjonalparklandsbyen.	Dette er eit tiltak som landsbyrådet i Lom nasjonalparklandsby særleg ynskjer å prioritere
Tiltak 6:	Aktivitetsplass Presthaugen Leikeplass/ aktivitetsplass for heile familien	Lom nasjonalparklandsby manglar gode aktivitetsmoglegheiter for små born. Dette være seg både tilreisande og fastbuande. Difor ser ein der formålsteneleg å etablere ein aktivitetsplass i Presthaugen , slik at denne kan nyttast som leike/aktivitetsområde for fastbuande og tilreisande.	Nyttå midlar til prosjektering av Rambøll i 2010 og budsjettere midlar for gjennomføring av tiltaket i 2011.

Kort oppsummering av status for dei ulike deltiltaka:

Tiltak	Beskriving	Status
1. Bergomsgarden (sentrumskjernen)	Opprusting av "storstova" i Lom sentrum, området mellom Vassvaglen og Midtgard (kommunehuset). Området skal forskjønnast og gjerast meir brukarvenleg til glede for både fastbuande og turistar.	Leikehuset/ labyrinten "Røyskattbue" er sett opp ved Kyrkjevollen. I tillegg skal heile området skjermast frå trafikkert område med tregjerde. Ei velfungerande "Landsbyvaktarordning" bidrar til eit meir tiltalende sentrum, og har i tillegg fokus på dei merka stigane ut frå sentrum – jf pkt 4.
2. Landsbysyklar	Innkjøp av sykklar til bruk i og rundt nasjonalparklandsbyen, syklane skal profilerast med nasjonalparklandsby merker, og leigast ut via turistinformasjonen.	Det er kjøpt inn 10 stk landsbysyklar. Lom kommune er eigar og Norsk Fjellmuseum driv utleige av syklane. Vedlikehaldsavtale etablert.
3. Studietur landsbyrådet	2009 vart det arrangert studietur for næringslivet, 2010 var ungdomsrådet på studietur. I 2011 er det landsbyrådet som står for tur.	
4. Informasjonstiltak Lom nasjonalpark-landsby	Tiltak som er planlagt i 2011 er: turstighbrosjyre reviderast og forbedrast, setje opp fleire informasjonstavler med turstigkart og informasjon om Bergomsrunden.	Turkart for Lom sentrum vart revidert og produsert på forsommaren. Dei tredimensjonale kartillustrasjonane er forbedra, og to nye turstigar har kome til. Arbeidet med å revidere brosjyren skjedde i tett samarbeid med landsbyvaktar, som har merka og tilrettelagt stigane. Turkarta blir mykje brukt! Det er sett opp turkart –og Bergomsrundetavle på uteareal ved Sport1. Informasjonsstativa ved Vassvaglen og Fjellmuseet har fått nye tavler Nasjonalparkbibliotek: Det er sett i gang eit program for informasjon om nasjonalparkane ute i bedrifter. Programmet er i fyrste rekkje tenkt for bedrifter som har kundekontakt (reiselivsbedrifter og andre servicestader). Bedriftene får tilbod

		om informasjonsmateriell om nasjonalparkane, samt ei "bokpakke" dei har tilgjengeleg for gjestene/kundane sine. Tiltaket blir gjennomført i samarbeid med biblioteket i Lom, som står som eigar av bøker etc som blir kjøpt inn.
5. Tilrettelegging for "Zip-line" i nasjonalparklandsbyen	Tilrettelegging av stig frå parkeringsplassen ved Fjellmuseet til startplattung for Zipline. Dette for å gjere det enklare for aktivitetsfirma å drive ein ny aktivitet som kan skape liv og røre i nasjonalparklandsbyen.	Fast tilrettelegging med tyrolertravers over Prestfossen, med startrampe og trapp ned til denne er utført. Arbeidet er gjort i samarbeid med <i>Aktiv i Lom</i> .
6. Aktivitetsplass Presthaugen Leikeplass/aktivitetsplass for heile familien	Lom nasjonalparklandsby manglar gode aktivitetsmoglegheiter for små born. Ønskjeleg å etablere eit leike-/aktivitetsområde for fastbuande og tilreisande i Presthaugen.	Naturstigen "Rådyrtraket" i Presthaugen er etablert. Det manglar eit par dyr, samt lage hefter med gåter. I tillegg skal det lagast informasjon om naturstigen som skal plasserast i tilknytning til leikesatellittane i sentrum. Det har vorte utarbeidd eit pedagogisk opplegg i samband med naturstigen for dei eldste barna i barnehagen og til 4. klassetrinn. Arbeidet skjer i samarbeid med Norsk Fjellmuseum. Etablering av eit tilrettelagd friområde med "balanseløype", stolar og bord ovanfor Statoil; på arealet mellom Fv55 og Nedre Ulstadveg. Arealavklaring med grunneigar tok litt tid, men det er nå klart for gjennomføring i.l.a. våren.
Aktivitet	Landsbytrim	Lansert "Landsbytrim" med 8 ulike postar kring sentrum. Postane tekne ned 15. oktober, og mange hadde gått alle turane og kvalifisert seg til deltakarpremie.